

# Eksamen

30. november 2016

LBR3003

Gårdsdrift/gardsdrift

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte</li></ul>

## Oppgåve 1

- a) Beskriv samvirkeprinsippa.
- b) Når du investerer i utstyr, kan du ofte velje mellom å ta opp lån for å finansiere eller å lease. Drøft fordelar og ulemper ved desse to metodane.

## Oppgåve 2

- a) Ved overdraging av gardsbruk vel nokre å forpakte dei første åra før dei kjøper. Beskriv fordelar og ulemper ved å forpakte framfor å kjøpe.
- b) Beskriv kort formål og innhald i odelsloven, jordloven og konsesjonsloven.
- c) Kva betyr bo- og driveplikta for landbrukseigedommar? Drøft.

## Oppgåve 3

- a) I 1950 blei det på nasjonalt nivå avgjort at landbruket sine organisasjonar på vegne av bønder skulle forhandle om kortsiktige og langsiktige avtalar med staten når det gjaldt prisar på varer og andre tiltak for å betre inntektsvilkåra til bøndene. Beskriv kven som er involvert i forhandlingane og forklar korleis slike forhandlingar går føre seg.
- b) Korleis er det mogleg for deg som bonde å påverke jordbruksforhandlingane?

## Oppgåve 4

- a) Forklar generelt kva eit dekningsbidrag er. Kva kan ein bruke dekningsbidrag til?
- b) Du vurderer å starte opp med ei tilleggsnæring i tillegg til ordinær gardsdrift. I den forbindelsen må du ha ein forretningsplan på plass for å kunne søke om økonomisk støtte til etableringa.

### Føresetnader:

Tradisjonell gardsdrift (mjølkeproduksjon, 150 000 liter i kvote + 60 villsauar). Gardbrukarparet Tor og Trude er i midten av 40-åra og har tre barn i alderen 8 til 16 år. Trude jobbar fulltid utanfor bruket som resepsjonist på det lokale hotellet.

På garden er det eit gammalt tømra hus på 12x8 meter, to etasjar. Huset har ikkje vore brukt til anna enn lager dei siste 15-20 åra.

Skisser eit overnattings- og serveringstilbod, og lag ein kortfatta forretningsplan som tar for seg dei ulike sidene ved tilbodet du planlegg (det er ikkje nødvendig at du går inn på den detaljerte økonomien, men du bør seie noko generelt om økonomien i prosjektet).

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>

## Oppgave 1

- a) Beskriv samvirkeprinsippene.
- b) Når du investerer i utstyr, kan du ofte velge mellom å ta opp lån for å finansiere eller å lease. Drøft fordeler og ulemper ved disse to metodene.

## Oppgave 2

- a) Ved overdragelse av gårdsbruk velger noen å forpakte de første årene før de kjøper. Beskriv fordeler og ulemper ved å forpakte fremfor å kjøpe.
- b) Beskriv kort formål og innhold i odelsloven, jordloven og konsesjonsloven.
- c) Hva betyr bo- og driveplikten for landbrukseiendommer? Drøft.

## Oppgave 3

- a) I 1950 ble det på nasjonalt nivå avgjort at landbrukets organisasjoner på vegne av bønder skulle forhandle om kortsiktige og langsiktige avtaler med staten når det gjaldt priser på varer og andre tiltak for å bedre bøndernes inntektsvilkår. Beskriv hvem som er involvert i forhandlingene og forklar hvordan slike forhandlinger foregår.
- b) Hvordan er det mulig for deg som bonde å påvirke jordbruksforhandlingene?

## Oppgave 4


- a) Forklar generelt hva et dekningsbidrag er. Hva kan en bruke dekningsbidrag til?
- b) Du vurderer å starte opp med ei tilleggsnæring i tillegg til ordinær gårdsdrift. I den forbindelse må du ha en forretningsplan på plass for å kunne søke om økonomisk støtte til etableringa.

### Forutsetninger:

Tradisjonell gårdsdrift (melkeproduksjon, 150 000 liter i kvote + 60 villsauer). Gårdbrukerparet Tor og Trude er i midten av 40-årene og har tre barn i alderen 8 til 16 år. Trude jobber fulltid utenfor bruket som resepsjonist på det lokale hotellet.

På gården er det et gammelt tømret hus på 12x8 meter, to etasjer. Huset har ikke vært brukt til annet enn lager de siste 15-20 årene.

Skisser et overnattings- og serveringstilbud, og lag en kortfattet forretningsplan som tar for seg de ulike sidene ved tilbudet du planlegger (det er ikke nødvendig at du går inn på den detaljerte økonomien, men du bør si noe generelt om økonomien i prosjektet).



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)